

1978

Årg. 4

GG til kamp

Avisa til Norges Kommunistiske Studentforbund i Trondheim

med rød front — mot reaksjonen!

Norge er i dag et klassesamfunn, hvor borgerskapet har makta, og hvor det bruker den for å undertrykke og utbytte det overveldende flertall, d.v.s. det arbeidende folket. Studentersamfundet i Trondheim er en del av dette samfunnet, og må vurderes i lys av dette. I høst stiller tre politiske fronter til valg, nemlig Rød Front, TKSF og Grønt Gras. Har det noe å si hvilken av disse frontene som vinner dette valget? Vi i Norges Kommunistiske Studentforbund (NKS) mener det har stor betydning, og vil prøve å begrunne dette synet.

For det første: Både TKSF og Grønt Gras står for en borgerlig politikk, men TKSF står fram som den mest åpent reaksjonære. GG prøver derimot å skjule sin småborgerlige politikk bak fraser om "likevektsamfunn", "sjølbearing", "internasjonal solidaritet", "ressurskrise" o.s.v. De vet at

dette er problemer som folk med rette er opptatt av, men det kan ikke bli annet enn fraser så lenge GG ikke makter å koble disse begrepene til en teori og en strategi for virkelig frigjøring, nemlig sosialismen. Et eksempel: I et hefte kalt "Hva vi har lært av historia" skriver de, etter å ha "behandlet" kapitalismens framvekst og utvikling, plutselig følgende: "Adm.dir. mister sin nåværende stilling og makt. Bedriftsledelsen skal velges av, og stå ansvarlig overfor, alle som arbeider i bedriften" (s. 26.) Ikke ett ord om hvordan denne idylliske tilstanden er oppnådd. Lenger ute i skriftet ymtes det frampå noe om "strukture reformer" og "bevisstgjøring", hva nå det måtte innebære. Hvordan statens og kapitalkreftenes voldsapparat settes ut av spill vil de ikke meddele oss.

TKSF er i motsetning til GG konsekvent i sin reaksjon, og grupperingens historie viser dette klart. I 1965 beskrev formann-



OM ALLE GÅR OG STENNER RÅD FRONT INN PÅ LAURDAG, KAN SAMFUNNET FRAMLEIS STÅ TIL TENESTE FOR ALLE SOM FØRER RETTFERDIGE KAMPAER —

OG VI KAN GJE BØRBARSKAPET EIT GODT SPARK PÅ SKINNLEGGEN!

en TKSF slik: "TKSF er en forening hvor NTH's og NLHT's beste hoder samles over en flaske øl eller tre og debatterer aktuelle spørsmål. Foreningen er sterkt preget av et konservativt politisk syn" (Hvitbok om TKSF s. 9.) Om u-land sa f.eks TKSF 16.9.71 på et møte i Samfundet at man måtte "utbytte u-landa mye hardere enn i dag, for bare da vil de late innfødte lære seg å arbeide skikkelig" (Ibid.s.23) I 1974 er de imidlertid frekke nok til å skrive om "AKP-ml og Rød Front sin fiendtlige holdning til folk i nød rundt om i verden" (Kontekstra 12/74) Dette skrev de samtidig som de uten blygsel forsvarte USA's folkemord i Vietnam og andre land i den tredje verden. Videre støtter de sionist-staten Israel, forsvarer

ny-nazistene i Norge, saboterer støttearbeidet i Studentersamfundet o.s.v.

Ingen av disse borgerlige frontene er altså noe alternativ for studenter som ønsker å kjempe for et bedre samfunn. Til dette formålet har man Rød Front. Hvis du er mot alle former for imperialisme, rasisme, nazisme og andre former for fascisme og undertrykking, og samtidig går inn for sosialisme og frigjøring, så har du bare en Front å stemme på 25.11, nemlig Rød Front. Det samme gjelder hvis du vil ha et styre som vet å bruke styreposisjonen for å fremme en slik politikk. Gjennom Rød Front kan Samfundet brukes til å støtte arbeidsfolk i kamp, frigjøringsbevegelser og studentkamp for bedre kår.

KORT SAGT: STEM RØD FRONT 25.11.



KVIFOR STØR DE RAUD FRONT?



Øystein dolmen:

Den kulturen som er viktig er den kulturen som springer ut fra folks egne miljø. Den er nødvendig å utvikle dersom vi skal stå imot den masseproduserte kulturen som blir tredd som en sekk ned over hodet på oss, som sløver oss og bidrar til å holde oss nede.

Rød Front tar vare på vår egen kultur. Derfor støtter jeg Rød Front.

konkrete utslaga av kvinneundertrykkinga i dag. De forsvarer pornohandlerne under dekke av ytringsfrihet, de mener at kvinner ikke selv er i stand til å avgjøre om de vil ha abort osv. Rød Front er det eneste reelle alternativet til TKSF, og da er det ikke vanskelig å velge. Kvinnekampen har alltid fått god plass i Rød Fronts møteprogram. Rød Front tar opp ting som har vært forsømt, som familien og kvinnearbeidsplasser i ei krisetid. Jeg synes møtet om prostitusjon på programmet er bra, men håper også at 8. mars blir tatt opp på skikkelig vis.



ottar wiik:



eva fjeldstad:

Rød Front står meg nær allmennpolitisk, men som kvinneaktivist, synes jeg det er spesielt viktig å bekjempe TKSF's kvinnesyn. De sier de er for kvinnefrigjøring, men samtidig tar de ikke opp kampen mot de

NEI NO LYT ME SLÅ EIT SLAG
OG SANNELEG PASSA PÅ
SÅ IKKJE EIN VAKKER DAG
(25. nov. Pissregn og 20. kuldegrader)
SAMFUNDET FER I DET BLÅ
OG TIL "ADRESSEAVISENS BEHAG"
VERT "ADMINISTRERT" I STÅ!
NEI, FRI OSS FRÅ "SPROG" PÅ STETT,
(INGEN RIKSMÅLSJUNTA VED STYREBORDET!)
OG FRI OSS FRÅ TULL OG VAS
STYRET SKAL SLOST FOR FRIDOM OG RETT
OG IKKJE SITJA PÅ STAS!
(STYREBORDET ER SPRINGBRETT
TIL FEITE STILLINGAR I STORTING
OG DEPARTEMENT - OM DU IKKJE
SIT I EIT RAUDT STYRE, DÅ!)

NEI, RAUDFRONTEN TEK PARTI
FOR MÅLSAK OG GOD KULTUR
(EIN RIKTIG RUGEKASSE FOR
EIT BREITT KULTURLIV HAR
"SAMFUNDET" VORE I HAUST.
DU TRENG IKKJE VERTA RAUD
I KAMMEN, BERIT,
DET VAR MEINT SOM EI FJØR
I HATTEN TIL RAUDFRONTEN)
-mot Grease og mot svineri
med Storkapitalen bak
(OG STORKAPITALEN ER LUR
MEN DET ER EI ANNA SAK!)
Om Grøne menn vil eg seia
DEI GJER SEG I GATEKRYSS
MEN KJEM DEI I STYRESTOLEN
VERT DET EIN FARLEG SKYSS!

(Bordvers, arrangert for Grønt
Gras, Per Kleppe og NAF-direktøren.
"Tuttua"-koret til DNA i bakgrunnen.
Sus av "Høire"vind.

"-SKJÆR TYNT AV OSTEN PÅ
VÅRT BORD
-VÅR KRAVMENTALITET ER STOR
-SPENN BELTET INN I
KRISENS NAVN
-VÅRT NÆRINGS LIV TIL
EVIG GAVN!"

NEI, NO FÅR EG TA KONKLUSJONEN
OG SEIA DET SOM DET ER:
EG HÅPAR DU STEMME RAUD FRONT
OG AT DET VERT BERE VER !

Men PF var ikkje daud!

Progressive frontar har freista noko ulike
til å vere dei siste åra. Fleire stader har ei
alternativ organisering til NSU vore naudsynt,
for kampviljuge studentar.

NSU har i mange år vore hovudet utan kropp.
Leiinga har pampa seg saman i Oslo og samla
mykje av kreftene om å drive ein sekterisk
polemik/hets mot NKS og AKP(ml) i avisa
"Studentforum". Natureleg nok har ikkje det
vore særleg interessant for folk rundt om på
dei lokale lærestadane.

STUDENTANE TRENG EIN LOKAL INTERESSEORGANISASJON

Studentane har aldri hatt nokon lokal inte-
resseorganisasjon som kunne tene deira inte-
resser. Under aksjonen mot renteauken i vår
måtte til dømes studentane frå medisin sjølve
gjere alle førebuingane, og Progressiv Front
stod for gjennomføringa av aksjonsdagen. NSU-
representanten i delegatgruppa gjorde ikkje eit
slag.

Delegatgruppa i Trondheim (DG) har i år
vedteke eit arbeidsprogram som skal tene "dei
sosialistiske studentane sine interesser og
den kamp dei måtte føre." Dei andre må visst
syte for seg sjølve. Vidare skal DG arbeide for
å "i fyrste rekke politisere debatten i DG".
Om det dryp noko på den vanlege student er i
skrivande stund uvisst.

PROGRESSIVE TAKTER PÅ MEDISIN

Progressiv Front på medisin vart skipa
hausten -77. Vi ville noko meir enn å gå den
sekteriske vegen ein del andre Progressive
Frontar diverre har gått.

Difor vart det utarbeidd ei plattform som i
fyrste rekke tok utgangspunkt i vårt eige fag
og kampen mot eit spesialist-orientert medisin-
studium. Vi ynskte å styrke allmenmedisinen sin
plass i utdanninga for å tene pasientane og
ikkje karrieremedisinen sine interesser.

Vi traff studentane heime. I løpet av eitt
år har vi hatt den studentpolitiske og fag

politiske funksjon ei kampviljug NSU-basisgruppe
(omnoko slikt hadde funnest) skulle hatt.

EIN FAG-POLITISK MØTESERIE

I haust gjekk startskotet for ei rekke fag-
politiske møter om emne som er dårleg dekt i
vårt eige studium.

Det fyrste tok for seg bedriftslegetenesta,
og bedriftslegen ved Norsk Jernverk var invi-
tert og synte klårt korleis pratet om "styrka
konkurransen-evne" og "å prise seg ut av det
internasjonale markedet" ikkje er nye under
sola. Dei blei brukte mot kravet om 8-timars-
dagen for snart 100 år sidan og dei blir brukt
mot kravet om investeringar i eit betre
arbeidsmiljø i dag.

SOLLIA - MØTE

Torsdag 23/11 har PF og medisinerforeninga
invitert fleire medlemmer av Sollia-kollektivet
til eit møte om narkotika-omsorgen. Møtet
vart arrangert av Medisinerforeninga og blir
i Auditoriet, Røde Kors-klinikken kl. 20.

På ny-året vil det bli skipa til eit møte
om helsevesenet i Kina - også eit møte for alle
interesserte.

SOLIDARITET MED ANDRE GRUPPER

Kvifor tek ikkje NSU initiativ til eit om-
fattande solidaritetsarbeid på skulane? At
slikt er mogleg syner desse døma:

I vinter samla PF inn kr. 1000 til humani-
tære formål i Eritrea blant 140 medisinstu-
dentar. I haust har vi på vekelister skaffa
ca. kr. 1000 til dei streikande Vinmonopol-
arbeidarane. Deira rettvisе krav har samla
støtte både frå sosialistar og ikkje-sosia-
listar. Den økonomiske krisa gjer at arbeidar-
klassa treng mange allierte, allierte langt
utover rekkene av erklærte marxistar. Staten
og monopolborgarskapet er ein mektig fiende.

Gitt ut av Norges Kommunistiske Studentforbund, Trondheim
Ansvarleg: Trond Gabrielsen
Utsalgspris 10 øre
Trykk: Wennbergs Trykkeri A/S.

til kamp

Fortsett litteraturdebatten!

Sist fredag arrangerte Nordisk Institutt ope seminar på Dragvoll under tittelen "Norsk litteratur nett no". Innleiarar var Knut Johansen, forlagssjef i Oktober, Helge Rønning, redaktør av "Samtiden" og kjend frå litteraturdebatten i sommar, og Otto Hageberg, litteraturprofessor ved Universitetet i Oslo. Innleiarane tok utgangspunkt i ein artikkel av Georg Johannesen i siste nr. av "Vinduet":


Georg Johannesen (GJ) høyrer med til dei som meiner at den viktigaste funksjonen til bøkene i dag er å auke omsetninga av tremasse. Ein av dei viktigaste påstandane hans er at Noreg er kjøpt av USA, og at radikalismen i dag er olje i maskineriet, og berre tener til å halde oppe den liberale maska. Den tidlegare radikale forfattaren brukar då også storparten av artikkelen sin til harsellas og æreskjelling av dei som i dag går i spissen for den nye realistiske litteraturen.

Knut Johansen gjekk skarpt i rette med desse påstandane, og slo fast at dei gjekk på æra laus for forfattarane. Han la fram ei rad døme på at diskusjonen om "romanens død" i slutten av 60-åra var forfeila. Også i dag finst det bøker som er fårlege for borgarskapet og som vekker reaksjonar. Døme på dette er reaksjonane mot "Sauda! Streik!", "Jernkorset" og no "Slagbjørnen" av Haavardsholm.

Den radikale litteraturen i 50- og 60-åra var viktig på mange måtar. Han var illojal mot borgarskapet, men forfattarane stod berre ansvarleg overfor seg sjølve. Profilgruppa kom med noko heilt nytt i den radikale litteraturen i 1969, uttrykt gjennom Morten Falck's innleiing "Kunsten i klassekampens tjeneste." Hovudlinjene i denne innleiinga er det i dag som er sett ut i praksis av slike forfattarar som t.d. Obrestad, Hoem, Solstad m.fl. Desse forfattarane har bunde seg til eit program, og dei syner at det går an å skrive gode og fårlege bøker på dette grunnlaget, utan å gå på akkord med seg sjølv, slik t.d. Pål Brekke meinte.

Knut Johansen meinte at den nye linja med at forfattarane solidarisererte seg med arbeidar-klassen og oppfordra til handling ville få stor betydning for litteraturen i 80-åra.

Helge Rønning gjekk i stor grad inn på GJ sin kritikk/ innvendingar til litteraturdebatten, sjølv om han polemisererte mot GJ's tese om den ikkje-eksisterande venstrebevegelsen.



Eit av dei viktigaste poenga til Helge Rønning var at sosialrealismen ikkje er den dominerande forma i dag, det er triviallitteratur og faglitteraturen, saman med tradisjonelle romanar. Han meinte og at dei forfattarane som i dag kallar seg sosialrealistar i stor grad er prega av modernismen. (ex. Solstad)

Rønning førte diskusjonen om "hoffpoesien" vidare, sjølv om han meinte det ikkje var direktiva som styrte forfattarane, dei vert styrt gjennom internalisering av normer. Det som ligg til grunn for AKP-litteraturen er vedtaka frå forfattarkongressen i Sovjet i 1934, meinte han.

Otto Hageberg meinte at litteraturdebatter som har pågått har fått ein sterkt preg av teologi. Han meinte det sterkaste særpreget i litteraturen i dag er romantikk.

Vi meiner at dette seminaret bør bli eit startskot for ein mykje større litteraturdebatt blant studentane, og sender vidar oppfordringa som Hoem kom med i Samfundet laurdag, då han etterlyste engasjement frå studentane.